



Arne Gunleiv Haugsvær
Roslandsvegen 1161
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/704 - 23/42574

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
02.06.2023

Innvilga konsesjon for overtaking av eigedom - gbnr 305/206 Fløksand

Administrativt vedtak: Saknr: 577/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova § 1 og 9 Arne Gunleiv Haugsvær konsesjon for overtaking av gbnr 305/206 som er godkjent delt/ arealoverført til gbnr 305/3 i deling/dispensasjonssak: delegert vedtak Saknr: 1228/22

I løyvet er det krav om at gbnr 305/206 skal bli slått saman med gbnr 305/3.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga i administrativt vedtak saksnummer 363/23.

Kopi av vedtaket vert oversendt avdeling for kart- og oppmåling for registrering i matrikkelen.

Saka gjeld

Søknaden har vorte vurdert og behandla i administrativt vedtak saksnr. 363/23. *Eit av areala kunne ikkje arealoverførast og har fått nytt gards- og bruksnummer. Det er difor naudsynt med konsesjonshandsaming av dette arealet som er gbnr 305/206.*

Saka gjeld Arne Haugsvær søker konsesjon for overtaking av den delen som er godkjent arealoverført frå gbnr. 305/7. Den avtala kjøpesummen er på kr. 230 000. Saka gjeld frivillig bruksrasjonalisering der 203 daa jord- og skogareal vert frådelt og lagt til eigedomen gbnr 305/3.

Deling etter jordlova er godkjent i delegert vedtak 666/22 og etter plan- og bygningslova i delegert vedtak: Saknr: 1228/22

Eigar av gnr. 305 bnr. 7 Terje Fløysand har inngått avtale med eigar av gnr. 305 bnr. 3 Arne Gunnleiv Haugsvær der Eigar av gnr. 305 bnr. 3 kjøper opp og overtar landbruksareala og skogsteigar på gnr. 305 bnr. 7

Teig A. Innmarksteig på om lag 20 daa.

Teig B. Om lag 112 daa skog/utmark

Teig c: Om lag 75 daa skog i Oneset



Nytt gbnr er 305/206, og arealet er på ca. 20457 m².

VURDERING:

Arealet vart vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet i administrativt vedtak saksnr 363/23, og det er denne som danner grunnlag for vedtaket.

Det einaste som er endra frå førre behandling er at noko av arealet har fått eige gbnr 305/206. For at føring i matrikkelen skal verta rett, må det gjerast eit vedtak om konsesjon.

Regelverk

Konsesjonslova

Rundskriv M-1/2021 Konsesjon, priskontroll og boplikt

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arne Gunleiv Haugsvær

Roslandsvegen 1161

5918

Frekhaug